



MØTEINNKALLING VALSTYRET

Møtedato: 06.05.2019
Møtested: Heradshuset, Dale, 4. et
Møtetid: 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2019	DELEGERING AV MYNDE FRÅ VALSTYRET
04/2019	GODKJENNING AV LISTEFRAMLEGG
05/2019	KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019 - OPPTELJINGSMÅTE
06/2019	UTLEGGING AV MANNTAL TIL OFFENTLEG ETTERSYN
07/2019	KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019 - FØREHANDSRØYSTING
08/2019	FASTSETJING AV TID OG STAD FOR RØYSTING PÅ VALTING

26. april 2019

Eirik Haga
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/393

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/393

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 15.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL VALSTYRET

Møtedato: 15.05.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 14:50 - 15:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Utvalsleiar
Sigmund Simmenes	SP	Nestleiar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Anne Christin Eide	AP	Magne Hestad

Andre møtande:

Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR TITTEL

- 11/2017 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- 12/2017 GODKJENNING AV MØTEBOK
- 13/2017 STORTINGSVALET 2017 - VAL AV RØYSTESTYREMEDLEMMER



11/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valstyret 15.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 11/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

12/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Valstyret 15.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 12/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



13/2017: STORTINGSVALET 2017 - VAL AV RØYSTESTYREMEDLEMMER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Desse vert valde til røystestyremedlemmer/valmedarbeidarar:

01 Dale	02 Vaksdal	03 Eidsland
Røystestyre	Røystestyre	Røystestyre
Terje Geithus, leiar Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar Ragna Lid, medlem	Jill Bru Johansen, leiar Ove Amundsen, nestleiar Gunnhild Boge, medlem	Jahn Olav Nordheim, leiar Åshild E. Lien, nestleiar Rannveig Neset, medlem
Valmedarbeidarar: Ottar Dalseid Georg Helge Dankertsen Birger Johannes Kvamme Thor Andersen Stine Oen Tjønneland Asbjørg Hesjedal Evy Kvamme Åse Eikemo Strømme Marie Brit Bjerke Trine Myklebust Dan Berge Olaug Fagerbakke Per Småbrekke Ragnvald Berge	Valmedarbeidarar: Margit E. Herfindal Edith Pedersen Erstad Odd Arild Faugstad Irving Sæterdal Kjell Åge Kvamme Hanna Berge Albert Larsen Jarle Johnsen Linda Ulveseth Fossmark Kjartan Dale Edvin Hesjedal Evelyn Boge	Valmedarbeidarar: Torleif Lode Siv Nordheim Stig Nordheim Britt Kari Eide Vik Roy Feirud Eldbjørg Gullbrå Liv Edith Lavik Werner Hirth Fenne Lisbeth Gammersvik

Dersom det er behov for det, kan valmedarbeidarane nyttast om kvarandre, dvs. dersom det er problem med for få valmedarbeidarar i eit røystelokale, kan personar frå eit anna lokale nyttast.

Valstyret 15.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 13/2017 Vedtak:

Desse vert valde til røystestyremedlemmer/valmedarbeidarar:

01 Dale	02 Vaksdal	03 Eidsland
Røystestyre	Røystestyre	Røystestyre
Terje Geithus, leiar Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar Ragna Lid, medlem	Jill Bru Johansen, leiar Ove Amundsen, nestleiar Gunnhild Boge, medlem	Jahn Olav Nordheim, leiar Åshild E. Lien, nestleiar Rannveig Neset, medlem



Vaksdal kommune

Valmedarbeidarar: Ottar Dalseid	Valmedarbeidarar: Margit E. Herfindal	Valmedarbeidarar: Torleif Lode
Georg Helge Dankertsen	Edith Pedersen Erstad	Siv Nordheim
Birger Johannes Kvamme Thor Andersen	Odd Arild Faugstad Irving Sæterdal	Stig Nordheim Britt Kari Eide Vik
Stine Oen Tjønneland	Kjell Åge Kvamme	Roy Feirud
Asbjørg Hesjedal Evy Kvamme Åse Eikemo Strømme	Hanna Berge Albert Larsen Jarle Johnsen	Eldbjørg Gullbrå Liv Edith Lavik Werner Hirth Fenne
Marie Brit Bjerke	Linda Ulveseth Fossmark	Lisbeth Gammersvik
Trine Myklebust Dan Berge	Kjartan Dale Edvin Hesjedal	
Olaug Fagerbakke	Evelyn Boge	
Per Småbrekke		
Ragnvald Berge		

Dersom det er behov for det, kan valmedarbeidarane nyttast om kvarandre, dvs. dersom det er problem med for få valmedarbeidarar i eit røystelokale, kan personar frå eit anna lokale nyttast.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	19/335

DELEGERING AV MYNDE FRÅ VALSTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og nestleiar) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4 har valstyret høve til å delegerer avgjerds makt i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen. Høvet til å delegerer omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

I Vaksdal kommune er det vald eit valstyre på 5 medlemmer frå formannskapet. Møta i valstyret blir som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere tenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i "typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning". Det er ikkje høve til å delegerer generell avgjerds makt i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er av prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren av vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og formålstenleg.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å leggje manntal ut til offentleg ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klagar, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

Styringsmakt som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeframlegg og tilbakekalling av listeframlegg skal godkjennast, samt forkasting av røyster.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	19/48

GODKJENNING AV LISTEFRAMLEGG

Vedlegg:

Listeframlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Listeframlegga frå Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høgre, Kristelig Folkeparti, Miljøpartiet De Grønne, Rødt, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vert godkjende slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Innan fristen er desse listene innleverte:

Arbeiderpartiet
Fremskrittspartiet
Høgre
Kristelig Folkeparti
Miljøpartiet De Grønne
Rødt
Senterpartiet
Sosialistisk Venstreparti

Listeframlegga er kontrollerte i samband med innleveringa.

Listeframlegget frå Rødt vart sendt på epost innan kl 1200 den 01.04. utan underskrifter. Eigen epost med signatur frå tillitsvalde for vallista vart motteke mellom kl 1200 og kl 1220 samme dag.

I valhandboka kap. 7.3 3. avsnitt står det: «*Dersom listeforslaget blir sendt på faks eller e-post (der signaturene på forslaget fremkommer) innen 31. mars, vil dette være innenfor fristen. Men det er en nødvendig forutsetning at liste med originale underskrifter sendes i posten/leveres med en gang*»

Listeframlegg med originale underskrifter vart innlevert seinare samme dag.

Sekretæren i valstyret har vore i kontakt med Valgdirektoratet om tolkinga av det som står i valhandboka, og har fått følgjande svar: «*Kravene til listeforslag, og valgmyndighetenes behandling av disse, fremkommer i valgloven kap. 6, jf. valgforskriften kap. 3. Det er valgmyndighetenes ansvar*

å vurdere om listeforslaget oppfyller lovens krav.»

I samsvar med vallova § 6-5 kan innlevert listeforslag kallast tilbake av tillitsutvalet. Erklæring om tilbakekalling må være innlevert seinast kl 12 den 20. april. Valstyret har ikkje motteke melding om tilbakekalling for nokon av listene.

I samsvar med vallova § 6-6 (5) har alle kandidatane på vallistene fått melding om at dei er sette opp på eit listeframlegg, og fått opplysning om adgangen til å søkje om fritak. Frist for tilbakemelding var sett til 23. april. Valstyret har motteke søknad om fritak frå kandidat nr 4 på listeframlegget frå Rødt. Tillitsvald for listeframlegget er kontakta. Frist for tilbakemelding er sett til tysdag 30. april. Dersom valstyret ikkje mottek eit nytt kandidatframlegg innan fristen, kan ikkje lista godkjennast.

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Arbeidarpartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Thor Alf Andersen	1962		
2	Heidi Rongved	1957		
3	Magne Hestad	1970		
4	Maren A. Hesjedal Thorkildsen	1981		
5	Ståle Kallestad Hesjedal	1971		
6	Britt Brudvik	1965		
7	Ole-Anders Brekkhus	1984		
8	Brita Hesjedal Lunde	1960		
9	Ørjan Welander Magnussen	1989		
10	Björg Aase Nottveit Hop	1958		
11	Vegar Sellevold	1970		
12	Lisa Natalie Johnsen Lunde	1994		
13	Daniel Tellefsen Tetoka	1991		
14	Wenche Mari Helle	1980		
15	Knut Robert Langeland Vik	1978		
16	Elke Marie Hesjedal	1973		
17	Rune Iversen	1955		
18	Farah Khaled Massri	1990		
19	Maren Herfindal Nilsen	2001		
20	Anne Christin Eide	1966		
21	Eirik Haga	1957		

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Framstegspartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Boris-Lasse Groth	1979	Dale	
2	Karin Berta Groth	1948	Bergsdalen	
3	Trygve Jakobsen	1971	Stanghelle	
4	John Olav Ørnes	1980	Stamnes	
5	Bernt Åsen	1960	Vaksdal	
6	Anne-Lise Vaksdal	1960	Dale	
7	Geir Hesjedal	1945	Stanghelle	
8	Jostein Tufte	1971	Dale	
9	Kåre Arne Egenberg	1955	Bergsdalen	
10	Magne Sveinung Lid	1944	Bergsdalen	
11	Magnar Myklebust	1941	Dale	

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Høgre

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Erlend Hesjedal-Johannessen	1984	Dale	
2	Amalie Johnsen Lunde	1996	Stamnes	
3	Roald Hesjedal	1953	Stamnes	
4	Edvin Hesjedal	1979	Stanghelle	
5	Linn Teksum	1975	Stanghelle	
6	Torben Lilletvedt	1978	Stamnes	
7	Morten Bruvik Erdal	1983	Stanghelle	
8	Kim André Hop Gregersen	1990	Dale	
9	Roy Gordon Middleton	1980	Stanghelle	
10	Jan Stanghelle	1964	Stanghelle	
11	Joakim Vatle Lilletvedt	1992	Stamnes	
12	Anny Bjordam Leiren	1943	Stamnes	
13	Oddmund Straume	1974	Stanghelle	
14	Kjell Ove Dalseid	1969	Dale	
15	Erlend Ragnvaldsen	1971	Stanghelle	
16	Linda Kvamme Ragnvaldsen	1970	Stanghelle	
17	Gerry Aleksander Lian	1964	Dale	
18	Svein Arvid Boge	1942	Stanghelle	
19	Anneli Vatle Lilletvedt	1955	Stamnes	
20	Bjørn Roald	1951	Boge	
21	Trond Olav Magnussen	1979	Stanghelle	

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Kristeleg Folkeparti

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Bjart-Magnus Ndogo Rosvold	1978		
2	Arne Normann	1955		
3	Frøydis Gullbrå	1971		
4	Ottar Normann Dalseid	1953		
5	Randi Kydland	1968		
6	Helge Gullbrå	1969		
7	Sigrid Straume Normann	1995		
8	Karin-Johanne Berge Rosvold	1946		
9	Olav Gammersvik	1945		
10	Anne Synnøve Nesheim	1958		
11	Odd Magne Dyvik	1945		

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Miljøpartiet Dei Grøne

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Tom Charles Johnsen	1976	Vaksdal	
2	Jamal Khaled Alhaj Suliman	1977	Dale	
3	Suzanne Michelle Rødseth	1986	Stanghelle	
4	Britt Opheim	1965	Stavenes	
5	Birger Kristian Berntsen	1981	Stanghelle	
6	Maria Nieves Vevle Tur	1973	Stamnes	
7	Grzegorz Piotr Biedron	1982	Stanghelle	
8	Tora Roe	1999	Dale	
9	Hanne Widnes Gravermoen	1981	Stavenes	
10	Rune Vike	1979	Stavenes	
11	Linn Tonje Aakre	1986	Boge	

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Raudt

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Guro Hesjedal Lunde	1989		
2	Vidar Johansen	1965		
3	Mari Indrebø Læg Reid	1977		
4	Halvard Langhelle Thrulsen	1999		
5	Sol-Mari Hesjedal Langhelle	1990		
6	Laila Mette Bolstad	1965		
7	Otto Grøsvik	1956		

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: Senterpartiet

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Hege Eide Vik	1980	Stamnes	
2	Ivar Rødland Bergo	1977	Eksingedalen	
3	Line Eide Vik	1984	Stamnes	
4	Tor-Arne Helle	1976	Stanghelle	
5	Inger-Helene Nummedal	1980	Dale	
6	Kjetil Rødland	1967	Bergsdalen	
7	Karin Nordheim	1967	Eidsland	
8	Hallvar Helle	1982	Dale	
9	Renathe Vik	1981	Stamnes	
10	Bjørn Arvid Ekse	1972	Eidsland	
11	Kari Brørvik	1964	Eksingedalen	
12	Caroline Myster	1984	Eidsland	
13	Raymond Olav Reite	1980	Vaksdal	
14	Åsne Tesdal Rødland	1991	Bergsdalen	
15	Ole Jakob Nese	1979	Eksingedalen	
16	Appia Paul Mkoba	1969	Stamnes	
17	Jarand Brørvik	1995	Eksingedalen	
18	Anne Hilde Fosse Osvold	1969	Bergsdalen	
19	Dag Brekke	1965	Bergsdalen	
20	Unn Evelyn Gullbrå	1964	Eksingedalen	
21	Magnar Nese	1962	Eksingedalen	
22	Arnfinn Trøen	1957	Bergsdalen	

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Listeframlegg

Kommunestyrevalget 2019 i Vaksdal

Listeframlegg: SV - Sosialistisk Venstreparti

Status: Til behandling av valstyret

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad	Stilling
1	Kjartan Haugsnes	1972		
2	Line Kydland	1990		
3	Evy Beate Kvamme	1963		
4	Odd Jøran Oldervik	1958		
5	Martin Boge Juvik	1995		
6	Ingrid Kilskar Næss	1977		
7	Roald Arne Kvamme	1981		
8	Tor Christian Faugstad Bleikli	1974		
9	Silje Kvamme	1993		
10	Sveinung Sigbjørnsen	1962		
11	Siw Birkeland	1960		
12	Trond Svaler	1969		
13	Mona Grenasberg	1971		
14	Andrea Lie Kjøndal	1995		
15	Ellen Hagen	1974		
16	Ingar Vatne	1950		
17	Kari Brørvik	1953		
18	Evelyn Boge	1962		
19	Anita Bjørkeli Svaler	1973		
20	Maren Johannesen Stalheim	1991		
21	Margit Erstad Herfindal	1953		
22	Unni Petersen Roti	1948		



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	18/383

KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019 - OPPTELJINGSMÅTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil nytta oppteljingsmåten lokalt fordelt på krets.

Saksopplysningar:

Prinsipp for oppteljing av røystesetlar er heimla i vallova § 10-4. I punkt (5) går det fram at røystesetlane skal teljast opp i to omganger, ein førebels og ein endeleg oppteljing. Den førebelse oppteljinga skal skje ved manuell teljing, jfr. valforskrifta § 37a.

Det kan veljast mellom 3 ulike oppteljingsmåtar:

- **Sentralt - samla:** Førebels oppteljing vert gjort hos valstyret sentralt i kommunen. Alle krinsar vert slått saman og talt samla
- **Sentralt - fordelt på krets:** Førebels oppteljing vert gjort hos valstyret sentralt i kommunen, men kvar krins vert talt separat
- **Lokalt - fordelt på krets:** Førebels oppteljing vert gjort av røystestyra i kvar krins (i vallokala).

Vaksdal kommune har nytta oppteljingsmåten lokalt fordelt på krets sidan folkerøystinga i 2009, og har gode erfaringar med dette. Alle røystekrinsane skal føreta ei teljing av innhaldet i urnene (urnetelling) i vallokalet, uavhengig av kva oppteljingsmåte kommunen vil nytta. Dersom ein samtidig sorterar røystesetlane på parti, har ein gjort ferdig den førebelse oppteljinga i vallokalet.

Den førebelse oppteljinga er ei forenkla oppteljing der berre kurante røystesetlar vert talde. Alle røystesetlar det er tvil om kan godkjennast, skal leggjast til side, og vurderast og ev. godkjennast av valstyret ved den endelege teljinga.

Endelig oppteljing skjer alltid hos valstyret og under valstyret sitt tilsyn.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	19/336

UTLEGGING AV MANNTAL TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudmantalet vert å leggja ut til offentleg ettersyn på følgjande stader:

- Innbyggjarservice i heradshuset
- Vaksdal folkebibliotek; hovudbiblioteket på Dale og filial Vaksdal

Saksopplysningar:

Etter valova § 2-6 (1) skal valstyret leggja manntalet ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjera. Vallova seier ikkje noko om kor mantalet skal leggjast ut. Det blir sendt ut valkort til alle røysteføre, ein ser difor ikkje behov for å leggja manntalet ut på fleire stader enn dei som er føreslått.

Manntallet skal ligge ute til og med valdagen.

Kunngjering om utlegging av manntalet vert gjort etter reglane i vallova.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	19/337

KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019 - FØREHANDSRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting slik:

Ordinær førehandsrøysting frå måndag 12. august:

Ved Innbyggjarservice i heradshuset i ordinære opningstider – kl 0800–1500 mandag-torsdag og 0800-1400 fredag.

Opningstider siste veka før valdagen: tysdag-torsdag kl 0800–1900 , fredag kl 0800–1500.

I tillegg vert det lagt til rette for førehandsrøysting ved Stanghelle skule, Stamnes skule og Eksingedalen skule.

Leiar og sekretær i valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunkta for førehandsrøystinga i samråd med røystestadane.

Førehandsrøysting på institusjon:

Daletunet omsorgssenter tirsdag 03.09. kl 1000–1200

Vaksdal sjukeheim onsdag 04.09. kl 1000–1200

Dagsenter Sveabrekko torsdag 05.09. kl 1000 - 1200

Tidspunkta må avklarast nærare med avdelingsleiarane på dei einskilde institusjonane.

Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til tysdag 03.09. kl. 1200.

Røystemottakarar:

Desse vert oppnemnde som røystemottakarar:

Mona Mekki
Marianne Hagen Tove Bruvik Erdal
Torill Risnes Helga Rosten
Kjersti Flåm Krogsrud
Siv Bente Hesjedal
Randi Solveig Pedersen

Cherno Marjo Bah
Elin Herfindal Kari Våge Knutsen
Solveig G. Solvi Sølvi Legård

Dersom det er behov for det, får leiar og sekretær i valstyret fullmakt til å oppnemne fleire røystemottakarar.

Saksopplysningar:

Den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august, jfr. vallova § 8-1 (1). Den 10. august er ein laurdag, og førehandsrøystinga startar difor påfølgjande mandag 12.08., dersom ikkje valstyret vedtek at røystinga skal starte på laurdag. I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få røysta frå 1. juli og fram til førehandsrøystinga starter 10. august, jfr § 8-1 (4).

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og omsorgsinstitusjonar vl § 8-3 (2) bokstav a).

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste på valdagen eller der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret, førehandsrøyste der dei oppheld seg (ambulerande røysting). Søknadsfristen for å søkje om ambulerande røysting skal setjast til eit tidspunkt innanfor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet, vl § 8-3 (6).

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje endeleg tidspunkt for røysting på institusjonane i samråd med avdelingsleiarane. Likeeins må tidspunkt for ambulerande røysting tilpassast når ein har oversikt over søknadane.

Røystemottakarar

Det følgjer av vallova § 8-2 (1) bokstav a), at det er valstyret som oppnemner røystemottakarar innanriks. Valstyret må nemne opp så mange røystemottakarar som det er naudsynt for å gjennomføre førehandsrøystinga på ein tilfredsstillande måte. Ved all førehandsrøysting frå 10. august skal det vere minst to røystemottakarar til stades, jfr. vallova § 8-1 (5). Difor vert alle tilsette i stab oppnemnde som røystemottakarar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	19/394

FASTSETJING AV TID OG STAD FOR RØYSTING PÅ VALTING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Røystetider og –stader ved kommunestyre- og fylkestingssvalet 2019:

Krinsnr.	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Bedehuset	1100 – 2000
02	Vaksdal	Vaksdal samfunnshus	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 1800

Saksopplysningar:

Føresegner om opningstida/røystetida står i vallova § 9-3 (2). Valstyret fastset opningstidene. Vallova inneheld ikkje reglar som regulerer røystetida, men røystegjevinga mandag må ikke føregå seinare enn kl 2100.

Når valstyret skal fastsetja tid for røystinga, skal det leggjast avgjerande vekt på omsynet til veljarane, at dei får rimeleg tid til å røyste.

I Vaksdal kommune er det 3 røystekrinsar, for dei to største krinsane er det førslått lik røystetid. For krins 3 Eidsland vert røystetida noko redusert, erfaring tilseier at det ikkje er behov for å ha ope lenger enn til kl 1800.

Valstyret må ta omsyn til mellom anna rørslehemma veljarar når dei avgjer kva lokale det skal haldast valting i. Røystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege, og der alle veljarar kan ta seg inn utan å måtte be om hjelp. Kravet til tilgjenge gjeld for alle vallokala i kommunen.

For dette valet vil det vere ei utfordring på Dale på grunn av at skulen er riven, og ny er under oppføring. Tilgjengelege lokale som finns og som kan vere aktuelle, er bedehuset og Turbinen. Leiar og sekretær i valstyret var på synfaring i bedehuset og dette er eit lokale som kan eigna seg til valgjennomføring.

Turbinen er også eit eigna lokale. Men sidan Turbinen ligg litt utanfor sentrum, kan det vere vanskeleg for einskilde veljarar å kome seg til vallokalet. Ein kan, i tilfelle, prøve å få til ein avtale med Frivilligsentralen om skyss til røystelokalet for dei som treng det.

Dalehallen er eit lokale som har vore nytta ved tidlegare val, men denne er ikkje universelt utforma og har vanskeleg tilkomst for rullestolbrukarar. Dalehallen er difor ikkje eigna som røystelokale.

Rådmannen gjer framlegg om å nytta bedehuset som vallokale for valet i 2019.